

---

Saksnr: 2021/19590-1  
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

## Oppfølging av plaststrategi - tiltak kultur, idrett og inkludering

Forslag til vedtak

1. Oppfølging av plaststrategien sine 10 tiltak for områda kultur, idrett og inkludering vert vedteken som vist i tabell i saksutgreiinga, og lagt til grunn for felles sak til Fylkesutvalet 22. juni 2021.
2. Hovudutval kultur, idrett og integrering rår til at fylkesutvalet i handsaminga av plaststrategien løyver midlar til Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd til deira arbeid med å rydde opp maritim forsøpling, og vidare til utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement".

Samandrag

[Plaststrategien](#) er utarbeidd etter oppdrag frå Fylkestinget i Hordaland juni 2018 og vart vedteken i fylkestinget 09.06.2020. Visjonen er at «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Målet er at fylkeskommunen skal hindre at plastavfall kjem på avvege, og redusere bruken av plast i eigen organisasjon. I tillegg til seks hovudmål og 11 delmål har strategien ei rekke tiltak med både internt og eksternt fokus.

Handsaminga i hovudutvala skal inngå i ei sak om oppfølging av plaststrategien til Fylkesutvalet 22. juni 2021. Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet til oppfølging av plaststrategien. Disponeringa av desse midlane skal vedtakast av Fylkesutvalet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

[Plaststrategien](#) er utarbeidd etter oppdrag frå Fylkestinget i Hordaland juni 2018. Arbeidet vart organisert som eit prosjekt, og det er avdeling for innovasjon og næring som har hatt ansvar for å utarbeide strategien.

Strategien vart vedteken i fylkestinget 09.06.2020 og er i hovudsak for organisasjonen Vestland fylkeskommune. Visjonen er at «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Målet er at fylkeskommunen skal hindre at plastavfall kjem på avvege, og redusere bruken av plast i eigen organisasjon. I tillegg til seks hovudmål og 11 delmål, har strategien ei rekke tiltak med både internt og eksternt fokus.

Avdelingane i fylkeskommunen vil ha ulik tilnærming til bruk av plast, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært der. Kvar avdeling må vurdere korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett. Dette gjeld også å vurdere behovet for samordning på tvers og kanskje spesielt når det gjeld innkjøp. Mange avdelingar opplever at dei allereie følgjer opp fleire av punkta som står i strategien under «Tiltak og handlingsplan». Overskriftene i handlingsplanen går nokre gonger på tvers av sektorar, andre viser til avdelingar eller til seksjonar i fylkeskommunen. Det er foreslått å kartlegge kvar det er mykje bruk av plast og kvar plastavfallet oppstår i Vestland fylkeskommune si verksemd. Deretter vil ein foreslå kva indikatorar som kan nyttast for å rapportere måloppnåing, og målrette innsatsen for å minimere bruk og redusere plast på avvege ytterlegare. Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering, seksjon plan, klima og folkehelse har ansvar for å sikre at strategien blir følgt opp.

Handsaminga i hovudutvala skal inngå i ei sak om oppfølging av plaststrategien til Fylkesutvalet 22. juni 2021. Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet til oppfølging av plaststrategien. Disponeringa av desse midlane skal vedtakast av Fylkesutvalet.

#### Tiltak for kultur, idrett og inkludering

I plaststrategien pkt. 5.1. tiltak og handlingsplan, er det mange tiltak knytt til ulike avdelingar og fagområde. Ansvaret for oppfølginga av fleire av desse tiltaka er foreslått overført til avdeling kultur, idrett og inkludering.

Det er lagt til grunn at det ikkje vert lagt til nye tiltak i oppfølginga av plaststrategien før ved ei ev. rullering av strategien og at tiltak i plaststrategien framover vert inkludert i dei regionale planane der det er naturleg.

Det er relativt få tiltak i plaststrategien knytt til heilskapen innan kultur, idrett og inkludering. Dei fleste tiltaka er knytt til idrett og friluftsliv p.g.a. tett dialog med dei som utarbeidde strategien i 2019. Sidan den gong har fokuset på FN sine bærekraftsmål og kunnskapen om handlingsrommet auka. Såleis er det tenleg å ha ein breiare prosess med kompetansedeling på tvers av sektorar ved ev. rullering av tiltak og handlingsdelen. Ein slik prosess og kan gje nyttige innspel til arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

I tabellen under er dei 10 tiltaka til oppfølging av plaststrategien for områda kultur, idrett og inkludering referert. I tillegg er det skildra status i arbeidet med dei enkelte tiltak, plan for det vidare arbeidet og om tiltaket skal vidareførast eller ikkje.

Det vert forventa at ev. kostnadar til oppfølging av tiltaka skal dekkast innan kvart sektorbudsjett. Fylkesrådmannen ser behov for å løyve midlar frå midlar avsett til plaststrategien til to av tiltaka - nr. 39 Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd til deira arbeid maritim forsøpling og nr. 43 utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement".

I 2020 fekk Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd tilsaman 1 mill kr. til arbeid med maritim forsøpling. Dette var vidareføring av ei ordning i Hordaland fylkeskommune der friluftsråda fekk tildelt 750.000 kr. i 2017, 1 mill kr. 2018 og 1 mill kr. i 2019. Desse midlane er for 2021 omdisponert til oppfølging av plaststrategien. For budsjettåret 2021 er midlane som tidlegare var øyremerkta maritim forsøpling i friluftsråda, omdisponert til oppfølging av plaststrategien.

Som del av samarbeidsavtalen med Vestland idrettskrets som berekraftig anleggsutvikling, er det i 2021 ønskeleg å utarbeide ei sertifiseringsordning for «grøne idrettsarrangement», basert på erfaringane frå arbeidet med «grøn festival» som BRAK har leia innan kulturfeltet. Erfaringane

deira kan i stor grad brukast, men det må gjerast ein del tilpassingar. Når denne ordninga er på plass vil det bli stilt krav om at søkar har denne sertifiseringa for å få tildelt arrangementstøtte frå Vestland fylkeskommune. Utviklinga av sertifiseringsordninga «grøne idrettsarrangement» er planlagt finansiert gjennom eit spleiselag. Stipulert er det behov for 100.000 kr. frå midlane som er avsett til oppfølging av plaststrategien.

Nr	Tiltak	Status	Plan vidare	Ja/n ei
42	Leggje til rette for og føretrække berekraftige og naturlege uteareal, kunstgrasbaner og fritidsområde utan plast og gummidekker. Vestland fylke må i samarbeid med idretten finne alternativ til kunstgras med gummigranulat på noverande kunstgrasbaner og vere pådrivar for innovasjon og utvikling på dette feltet. Det må og vere ein klar målsetnad at alle kunstgrasbanene i Vestland som brukar granulat får installert filter eller andre tiltak som hindrar at mikroplast hamnar i avløpssystemet.	- Deltaging i prosjektet «Kunstgress 2021» som er eit samarbeid mellom 3 fylkeskommunar, Kulturdepartementet, Norges Fotballforbund og NTNU/SIAT. Målet er å bidra til nye og berekraftige konsept for planlegging, bygging og drift av kunstgrasbaner. - Fylkeskommunen har inngått ein avtale med Vestland Idrettskrets om utvikling av berekraftige idrettsanlegg. - Fylkeskommunen er pådrivar for å iverksetje tiltak rundt kunstgrasbaner.	Halde fram det nasjonale samarbeidet om kunstgras til 2023. Følge opp samarbeidsavtalen med Vestland idrettskrets om bærekraftig anleggsutvikling 2021-2024. Oppfølging av "forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)" vedteke 8. april 2021 - <a href="https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-04-07-1096">https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-04-07-1096</a> i samarbeid med Vestland idrettskrets og fotballkretsane i Hordaland og Sogn og Fjordane.	Ja
43	Minimere forbruk og oppmode om gjenbruk og leggje til rette for grønne og plastfrie arrangement.	I tilskot som fylkeskommunen gjer til arrangement skal det kome fram at arrangør har ein klar og tydeleg miljøprofil.	Vidareutvikle arbeidet med "grøn festival" i samhandling med BRAK og i samarbeid med Vestland idrettskrets utvikle ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement".	Ja
44	Oppmode om kutt av unødvendige plastprodukt, som eingongs plastbestikk, glas, koppar, fat og sugerøyr ved tilskot til arrangement og liknande.	Vert sett i samanheng med punkt 43.	Vert sett i samanheng med punkt 43.	Ja
39	Støtte friluftsråda, skjergardstenesta, andre interkommunale aktørar i arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og opprydding av marin forsøpling.	Det vert gitt driftstilskot til friluftsråd og skjergardsteneste. Vestkystparken deltek i strandryddeaksjonar i regi av Hald Norge Rent.	For budsjettåret 2021 er midlane som tidlegare var øymerka maritim forsøpling sett av til oppfølging av plaststrategien. Friluftsråda melder om framleis behov for midlar til deira oppfølging av arbeidet med maritim forsøpling.	Ja

40	Legge til rette for og støtte opp under ein utviding av skjergardstenesta og Vestkystparken på heile Vestlandet.	Fjordane friluftsråd vart medlem av Vestkystparken i 2019 og fekk tilsagn frå Klima- og miljødepartementet om oppretting av skjærgårdstjeneste i desember 2020. Frå 2022 skal Fjordane friluftsråd få tildeling til skjergardstenesta via Vestkystparken. Dei to friluftsråda i Møre og Romsdal har og fått tilbod om å knytte seg til Vestkystparken, men har takka nei.	Tiltaket er ikkje prioritert i handlingsplanen for Vestkystparken 2020-2023.	Nei
45	Støtte friluftsråda, Skjergardstenesta, andre interkommunale og andre aktørar sitt arbeid med rydding av marin forsøpling og stimulere frivillige til å rydde strender og informere om plast- og marin forsøpling.	Må sjåast i samanheng med punkt 39.	Må sjåast i samanheng med punkt 39.	Ja
46	Sikre anlegg, kvalitetssikre vedlikehaldsrutinar knytt til tidsintervall for bytting/endring av dekke, moking, og generell sikring av området m.m.	Dette vert gjort regelmessig i samband med handsaming av spelemiddelsøknader. Må og sjåast i samanheng med oppfølging av samarbeidsavtale med Vestland Idrettskrets.	Oppfølging av "forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale)" vedteke 8. april 2021 - <a href="https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-04-07-1096">https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-04-07-1096</a> , i samarbeid med Vestland idrettskrets og Fotballkretsane i Hordaland og Sogn og Fjordane.	Ja
58	Arbeide for å plassere operasjonelt ansvar og etablere føreseielege nasjonale finansieringsløyisingar for profesjonelle aktørar som arbeidar med rydding og handterer avfall på avvege og marin forsøpling.	Prioritert innsatsområde i Vestkystparken. Styret er i dialog med Klima- og miljødepartementet og stortingsbenkane for Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.	Ei gruppe i styret føl opp denne dialogen på vegne av styret.	Ja
47	Avfallsplanar for statleg sikra områder.	Det er ikkje eit krav om avfallsplanar i statleg sikra områder per i dag. Fylkeskommunane har ansvar for å godkjenne desse planane.	VLFK skal spele inn til Miljødirektoratet at avfallshandtering bør vere eit punkt i forvaltningsplanane for dei statleg sikra friluftsområda.	Ja
48	Oppmode til reduksjon av plast ved uttale i plansaker	Dette har ikkje vore aktuelt i plansaker hittil.	Bør ha fokus på dette i framtidige plansaker der det er relevant.	Ja

## Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur idrett og integrering, jfr. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

## Vurderingar og verknader

### **Økonomi:**

Det er sett av 1 mill. kr. i vedteke budsjett for 2021 til oppfølging av plaststrategien. Fylkesutvalet vedtek disponeringa av desse midlane 22. juni.

### **Klima:**

Målet med plaststrategien er at fylkeskommunen skal hindre at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. Dei fleste tiltaka vil bidra til å skape auka bevisstgjerjing rundt natur, klima og miljø.

### **Folkehelse:**

Plaststrategien sin visjon er at «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Dette vil auke livskvaliteten lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Fleire av tiltaka har stort fokus på medverknad og samskaping med mange ulike aktørar. Dette skaper eit bredt engasjement og berekraft i gjennomføringa av tiltaka.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Oppfølginga av plaststrategien støttar opp under FN sine berekraftsmål, mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland, og er i tråd med dei to gjeldande kulturplanane: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår hovudutval for kultur, idrett og integrering å vedta forslag til tiltak for kultur, idrett og inkludering for oppfølging av plaststrategien, og å tilrå fylkesutvalet å løyve midlar til to av tiltaka - nr. 39 Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd til deira arbeid maritim forsøpling og nr. 43 utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement".